



Birte og Bente har saman med Lars Fausk og dei vaksne, gjort ein svært god jobb i redaksjonen for julenummeret av Uskedalsposten. Her viser dei fram eit tidlegare nummer.

For tredje året på rad kjem bygda sitt eige julehefte ut. Julenummeret av Uskedalsposten er no i trykkeriet, og det skal vera klart til salg under julemarknaden førstkommande fredag.

Det er eit fyldig og godt julenummer som er i vente. Sjølv sagt er det mykje godt julestoff, men det er og stoff som ikkje vert knytt direkte til julehøgtida.

Det kjem eit nytt kapittel om Kapteinsgarden. No har redaktør Ola Matti Mathisen teke for seg det som går på interiør og eksteriør.

Dei to unge jentene i redaksjonen, Bente Halvorsen og Birte Nybakk, har gjort ein god jobb, og dei har mellom anna ein interessann artikkel om hestehald.

Eit anna redaksjonsmedlem av den yngre garde, Lars Fausk, har teke for seg ulike sider ved sjølivet. Med bestefar som god kjelde, har dette blitt interessann lesnad.

Elles innheld det og ei stor sak om julehefta som kom rundt 1960. Dei fire nyvalde politkarane våre må svara for seg. Over åtte sider vert dei stilt spørsmål som krev at dei må tenkja seg godt om før dei svarar.

Dessutan er det rapport om korleis det er å vera uskedaling i det store utland samt mykje anna godt stoff.

Det er tydeleg at redaktør O. M. Mathisen er god nøgd med produktet. Med seg i redaksjonen har han Lars Fausk, Birte Nybakk, Bente Halvorsen, Tore Mathiesen og Britt Torill Mathiesen.

Av: Thor Inge Døssland.